



Jobbnorge-ID: 131183

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat i fylogenomikk/populasjonsgenomikk på djuphavssvampar

Ved Institutt for biologi er det ledig ei stilling som stipendiat i fylogenomikk/populasjonsgenomikk på djuphavssvampar. Stillinga er for ein åremålsperiode på 3 år, knytt til forskingsgruppa [Marin biodiversitet](#).

Om prosjektet/arbeidsoppgåver

Forskinga er knytt til det Bergens-leidde EU-finansierte prosjektet "Deep-sea sponge grounds ecosystems of the North Atlantic: an integrated approach towards their preservation and sustainable exploitation - SponGES", eit samarbeidsprosjekt mellom 20 institusjonar frå Europa, Canada og USA.

Det overgripande målet med forskingsprosjektet er å utvikle ei integrert, økosystembasert tilnærming til bevaring og bærekraftig utnytting av djuphavs svampekøkosystem i Nord-Atlanteren, og det krev ei djupare forståing for artsrikdom, evolusjon og konnektivitetsmønster.

Fylogenetiske studiar og populasjonsstudiar på svampar har i hovudsak vore utført på artar på grunt vatn, og har vore relativt avgrensa av typen og talet markørar brukt. I SponGES vil vi bruke ei genombasert tilnærming for å undersøkje fylogenetiske samanhengar, biogeografiske mønster og genetisk rikdom, struktur og konnektivitet for fleire svampebotn-dannande djuphavsartar på ulike geografiske nivå.

Stipendiaten vil vere basert ved Universitetet i Bergen og delta i utdanningsprogrammet for doktorgradsstudentar, men det blir lagt opp til forskingsopphald ved Naturhistorisk Museum i London, og vidare samarbeid med forskarar frå Uppsala Universitet (Sverige) og Fisheries and Oceans Canada (DFO).

Arbeidsoppgåvene inkluderer

- deltaking på forskningstokt i ulike studieområde
- utvikling av genomiske ressursar (t.d. enkelt nukleotidpolymorfier, mitokondriegenom) for strukturformande nøkkelartar ved bruk av neste-generasjons sekvenseringsteknologi
- analyser av evolusjonære, fylogeografiske og konnektivitetsmønster for artar og populasjonar på ulike geografiske nivå
- publisering av vitenskaplege arbeider

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha mastergrad eller tilsvarande i marin og/eller molekylær økologi/biologi, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen. Det er ein føresetnad for tilsetjing at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Erfaring med populasjonsgenetikk/genomikk og/eller fylogenetikk ved bruk av neste-generasjons sekvenseringsteknologi, og bioinformatiske ferdigheiter er ein føremøn.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert, og kunne samarbeide med andre.
- Gode ferdigheiter i skriftlig og munnleg engelsk.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan 3 månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.- studiet ved Universitetet i Bergen.

Vi kan tilby

- eit godt og profesjonelt utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønnssteg 50 ved tilsetjing (kode 1017/LR 20.8). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar. Ein av desse kan vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.

- CV
- Karakterutskrifter og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at masteroppgåva er levert
- relevante attestar
- eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste).
- eventuelle publikasjonar i namnet til søkeren.

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge.

Søknadsfrist: 14. desember 2016

Generell informasjon:

Utfyllande informasjon om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Professor Hans Tore Rapp, Hans.Rapp@uib.no

Postdoktor Joana R. Xavier, Joana.Xavier@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda til å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkeren kan bli gjort offentlege sjølv om søkeren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkeren varslast om dette.

Den som blir tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: